

Fellesuttale til «Reguleringsplan E39 Ådland–Svegatjørn»

Gjeld tilkopling til ny E39 for framtidig veg mot Kvinnherad, Tysnes og Huglo ved Hodnanes frå Stord, Tysnes og Kvinnherad kommunar, Sunnhordlandssambandet og Sunnhordlandsdiagonalen

Næringslivet i Sunnhordland har gjennom Sunnhordlandssambandet AS og Sunnhordlandsdiagonalen AS, arbeidd i fleire år for vegfast samband over Husnesfjorden. Parallelt med dette har kommunane Stord, Tysnes og Kvinnherad arbeida med innkorting av sambandet mellom kommunane. Dette for å knyta sunnhordlands-kommunane saman til ein felles bu og arbeidsmarknadsregion og for å kopla Huglo, Kvinnherad og sørsida av Hardangerfjorden vegfast til E39 Kyststamvegen. Visjonen om industriaksen Bømlo-Stord-Kvinnherad-Odda vil med eit brusamband over Husnesfjorden bli fullt ut realisert, samstundes som ein bind E134 vegfast saman med E39 Kyststamvegen.

Næringslivet og kommunane i Sunnhordland har ytt store midlar til fleire konsulentrapportar for å greia ut og synleggjera nytteeffektane av eit slikt samband som etter kvart har fått arbeidstittelen «Sunnfast».

Kommunane Stord, Tysnes og Kvinnherad og næringslivet i Sunnhordland har no gått saman og finansiert ein svært grundig rapport frå konsultentselskapet Multiconsult for å greia ut om Sunnfast let seg løysa teknisk og økonomisk som eit ferjeavløysingsprosjekt. Rapporten «Sunnfast - mulighetsstudie» som vart ferdig hausten 2020, syner at prosjektet er både teknisk og økonomisk gjennomførbart. Ein vil kunna finansiera inntil halve kostnaden på prosjektet kostnadsrekna til totalt 6–7 mrd med bompengar og ein årsdøgntrafikk på oppunder 4000 ådt i 2050.

Det å knyta Kvinnherad og sørsida av Hardangerfjorden vegfast til E39 vil ha svært stor regional og lokal nytteeffekt og vesentleg styrka trafikantnyttan i E39.

Multiconsult har i denne rapporten lagt til grunn kryss på E39 og tilkoplingspunkt for Sunnfast ved Hodnanes/Skår på Tysnes i motsetnad til tidlegare rapportar frå Norconsult der ein la til grunn eit kryss på Økland.

Det å plassera krysset og tilkoplingspunktet for Sunnfast nærast mogleg Hodnanes, vil korta inn vegen sør- over på E39 til/frå austsida av Tysnes, Huglo og Kvinnherad med 4-5km. Denne innkortinga gjev i følge Multiconsult sin rapport ein auke i trafikantnytte på 2,3 mrd frå 9,5 mrd ved kryss på Økland til heile 11,8 mrd ved kryss på Hodnanes. Framtidig tilkopling mot Kvinnherad var eit av dei viktigaste argumenta i avveginga for val av sørleg kryssing av Langenuen som brualternativ mellom Stord og Tysnes.

Det er derfor svært viktig for realisering av framtidig tilkopling mot Huglo-sambandet/Sunnfast og for Sunnhordland som region, at tilkoplingspunktet kjem lengst mogleg sør og nærast mogleg Hodnanes på Tysnes.

Også for eit kortast mogleg ferjesamband Kvinnherad-E39 Stord/Tysnes i ein overgangsfase før realisering av Sunnfast, er det avgjerande viktig med tilkoplingspunkt på nye E39 nærast mogleg Hodnanes.



Kvinnherad kommune
Hans Inge Myrvold (sign.)
Ordførar



Stord kommune
Gaute Epland (sign.)
Ordførar



Tysnes kommune
Kåre Martin Kleppe (sign.)
Ordførar



Sunnhordlandssambandet AS
Gunnar Bakke (sign.)
Styreleiar



Sunnhordlandsdiagonalen AS
Sverre Olav Handeland (sign.)
Styreleiar